

Du er her: [arkiv for dupliserte s...](#) / hordalending skal delt...

Hordalending skal delta i VM i pesto i Italia

Den beste i Hordaland til å lage pesto skal delta i verdsmeisterskapen i Italia i mars neste år. Hordalands beste blir kåra under matfestivalen i Bergen søndag 11. september. Konkurransen er open for alle som er glad i mat.



VM i pesto blir skipa til annakvart år i Italia. Her deltakarar under siste VM i 2010. Under neste VM 24. mars 2012 skal ein hordalending delta.

Verdskjent matkulturprodukt

Pesto er eit verdskjent matkulturprodukt frå Genova og regionen Liguria i Italia. Oppskrifta er frå ca 1850. Pesto inneheld mellom anna basilikum, kvitløk, ost, pinjekjerner og olivenolje. Den lagast i ein morter og blir til ein saus som kan nyttast på pasta eller i suppe. Her i landet blir den også brukt på fisk og andre rettar.

Nært samarbeid med Italia

Hordaland fylkeskommune står bak den lokale uttakinga i Bergen. Fylkeskommunen har i mange år hatt samarbeid med Genova og Liguria. I mai var ein delegasjon, leia av nærings sjef Mette Nora Sætre, i Italia og eit av resultatane er den lokale deltakinga i verdsmeisterskapen i pesto. 100 deltakarar frå heile verda skal kvalifisere seg.

VM i pesto blir skipa til annakvart år i Italia. Her deltakarar under siste VM i 2010. Under neste VM 24. mars 2012 skal ein hordalending delta.



Har med seg alle ingrediensar

To personar frå den ideelle pestoorganisasjonen i Italia, Palatifini Kjem til Bergen under matfestivalen 9. til 11. september. Dei har med seg alle ingrediensane til å lage pesto, så deltakarane i konkurransen får like vilkår.

10 skal delta i konkurransen

10 personar blir plukka ut av matelskarar som melder seg til konkurransen. Det fungerer slik at du skal sende din eigen pestooppskrift til e-postadressa til Anne Elisabeth Myklestad i Hordaland fylkeskommune seinast torsdag 8. september: anne-e.myklestad@post.hfk.no.

På scena på Bryggen i Bergen

På bakgrunn av innsendte oppskrifter blir dei 10 som skal delta i konkurransen plukka ut. Konkurransen blir avvikla søndag 11. september frå ei scene på Bryggen. Vinnaren får gratis reise og opphald i Genova under verdsmeisterskapen i mars neste år.

Gratis pestokurs

I tillegg til sjølve konkurransen blir det halde eit gratis pestokurs for folk flest laurdag 10. september kl. 14.00 til 15.00 på Bontelabo, og 120 elevvar i den vidaregåande skulen i Hordaland skal fredag 9. september delta på eit kurs i pesto.

[Meir om pestokonkurransen under matfestivalen i Bergen \(pdf\)](#)

[Internettsida til arrangøren av VM i pesto i Italia \(engelsk\)](#)

 [Skriv ut](#)

Snarvegjar

- [Hovudsida](#)
- [Politikk](#)
- [Handbok folkevalde](#)
- [Beredskap](#)
- [Val](#)

Andre nettstader

- [Skyss.no](#)
- [Bybanen utbygging](#)
- [Skoleportalen](#)
- [Stortinget](#)
- [Regjeringa.no](#)
- [Fylkesmannen i Hordaland](#)
- [Noreg.no - vegvisar](#)